



2.2.9

Rettleiing for oppteljing – forholdstalsval

Val av bispedømmeråd og Kyrkjemøtet

Framgangsmåte ved oppteljing

Valrådet organiserer mottak og registrering av innkomne røystesettlar etter kvart som dei kjem inn frå sokna.

Røystene ved direkte val/direkte valomgang, leke medlemmer kan teljast etter kvart som røystesettlane kjem inn til valrådet. Valrådet må syte for at det heile tida blir ført oversikt over kor langt ein har kome i oppteljinga.

Oppteljinga skal gjennomførast av dei personane valrådet har peika ut, og under tilsyn av valrådet, jf. bdr § 2-15-1. Valrådet må vere vedtaksført når oppteljingsresultatet skal godkjennast.

Det må vere så mange personar som deltek i oppteljinga at ho kan gjerast ferdig innan fristen, som er *torsdag 24. september 2015* for direkte val av leke medlemmer, jf. bdr § 7-1-2.

Teljekorpset bør delast i arbeidslag på to og to personar som arbeider saman. Fleire av ledda i prosedyrane skal utførast av minst to personar saman. I tillegg bør det vere éin eller to personar som fungerer som arbeidsleiingar, har oversikta og syter for å få notert alle tal som skal rapporterast. Dei største og mest tidkrevjande operasjonane i oppteljingsprosessane kan gjerne delast på fleire arbeidslag.

Røystene ved indirekte val skal teljast etter den same prosedyren. Ved valoppgjeret følgjer ein då føresegnene i bdr §§ 2-15-4 og 2-15-7 b.

A. Kontroll og klargjering for oppteljing

- Kontinuerleg registrering av mottekne sendingar og kontroll av at røystesettlar er komne inn frå alle sokn (direkte val av leke medlemmer)
- Kontroll av at talet på gitte røyster er registrert i valmodulen, og kontrollteljing av kor mange røyster som er mottekne (direkte val av leke medlemmer)
- Kontinuerleg registrering av alle mottekne sendingar/røystesettlar og registrering i dei respektive manntalslistene (andre val / indirekte valomgang)

B. Oppteljing

- 1 Talet på røyster gitt ved direkte val av leke medlemmer til bispedømmeråd og Kyrkjemøtet skal summerast på basis av følgeskriva frå valstyra (bdr §§ 2-13-5 og 2-13-6).

Røystesettlane skal kontrollteljast. Det totale talet skal førast inn på rapporteringsskjemaet i **rubrikk 1**.

- 2 Røystesettlane skal ordnast i grupper for kvar valliste. For kvar valliste ordnar ein røystesettlane i grupper for uretta og retta røystesettlar (bdr § 2-15-3 a). Røystetalet for kvar liste skal førast inn på rapporteringsskjemaet i **rubrikk 2.1**.

Pkt. 1 og 2 kan utførast parallelt av fleire arbeidslag. Dei som tek seg av pkt. 1, kan samtidig sortere i retta og uretta røystesettlar (pkt. 2).

- 3 Dei uretta røystesettlane skal teljast av minst to personar. Kvar kandidat får éi røyst per uretta røystesettel. Talet – for kvar av vallistene – skal førast inn på lister som skal førast av minst to personar. Mal for slike lister (liste 2.2.9) ligg på www.kyrkjevalet.no. Det skal førast éi liste for kvar av vallistene. Talet på uretta røystesettlar – for kvar av vallistene – skal førast inn på rapporteringsskjemaet i **rubrikk 3.1** (bdr § 2-15-3 b).

- 4 Talet på retta røystesettlar – for kvar av vallistene – skal førast inn på rapporteringsskjemaet i **rubrikk 3.2**. På dei retta røystesettlane skal alle endringar veljarane har gjort på røystesettlane, registrerast (bdr § 2-15-3 c).
 - Kandidatar med tilleggsrøyst (opptil tre) får to røyster.
 - Kandidatar utan tilleggsrøyst får éi røyst.
 - Namn som er førte over frå ei anna valliste, får éi røyst. Desse kandidatane kan ikkje givast tilleggsrøyst. Kor mange namn som er førte over frå andre lister,

får verknader for utrekninga av listerøystetalet (pkt. 7).
Det må derfor haldast eiga oversikt over dette.

Ein medlem av teljekorpset les opp dei namna som har fått tilleggsrøyst, og namna på kandidatar som er førte over frå andre vallister. Deretter skal røystesetlane leverast til ein annan medlem, som kontrollerer opplysningane. Minst to personar fører kvar si liste. Desse listene skal samanliknast med jamne mellomrom.

Mal for slike lister (liste 2.2.9) ligg på www.kyrkjevalet.no.

- Dersom det er gitt tilleggsrøyst til fleire enn tre kandidatar, skal ein berre ta omsyn til dei tre øvste tilleggsrøystene.
- Dersom det er ført over meir enn tre namn frå andre lister, skal ein berre ta omsyn til dei tre øvste namna.
- Det skal ikkje takast omsyn til namn som er førte opp som ikkje står på noka kandidatliste.
- Det skal ikkje takast omsyn til strykingar.

Ein røystesetel skal *forkastast* dersom han er merkt slik at det går fram kven veljaren er. Dersom veljaren har retta lista på annan måte enn nemnt i bdr § 2-13-3, skal likevel lista godkjennast, så fram det er eintydig kva veljaren har meint. Ein eigenhendig utfylt (handskriven) røystesetel skal godkjennast. Det er understreka at ein røystesetel som inneheld færre namn enn talet på medlemmer og varamedlemmer som skal veljast, ikkje skal forkastast.

Talet på forkasta røyster for kvar liste skal først inn på rapporteringsskjemaet i **rubrikk 3.3**.

Pkt. 4 tek lengre tid enn pkt. 3. Det er derfor lurt å dele arbeidet under pkt. 4 mellom fleire arbeidslag. Når pkt. 3 og 4 er utført, skal tala førast inn på eit eige skjema. Den største skilnaden mellom fleirtalsval og forholdstalsval er sjølv valoppgjeret. Ved forholdstalsval er valoppgjeret meir omfattande.

Valoppgjeret:

- 5 Først reknar ein ut listerøystetala for dei ein-skilde listene.

Kvar røystesetel tel like mange listerøyster som det skal veljast medlemmer til bispedømmerrådet. Ved oppføring av namn frå ei anna valliste trekkjer ein frå éi listerøyst per namn på vallista, medan ein legg til éi listerøyst per namn på den andre vallista (bdr § 2-15-3d).

Listerøystetalet og grunnlaget for utrekninga skal først inn på rapporteringsskjemaet for kvar liste i **rubrikk 4**.

Døme A, pkt. 5

I bispedømme XX skal det veljast sju leke medlemmer til bispedømmerrådet. Det er to vallister.

Valliste A har fått 10 000 røyster. På desse vallistene står det til saman 2 200 namn som er førte opp frå valliste B.

Valliste B har fått 6 000 røyster. På desse vallistene står det til saman 3 500 namn som er førte opp frå valliste A.

Utrekning av listerøystetal, valliste A:

10 000 røyster × 7 medlemmer av bispedømmerrådet	=	70 000
Minus 2 200 listerøyster som skal overførast <i>til</i> valliste B	-	2 200
Pluss 3 500 listerøyster som skal overførast <i>frå</i> valliste B	+	3 500
<u>Listerøyster totalt for valliste A:</u>	=	<u>71 300</u>

Utrekning av listerøystetal, valliste B:

6 000 røyster × 7 medlemmer av bispedømmerrådet	=	42 000
Minus 3 500 listerøyster som skal overførast <i>til</i> valliste A	-	3 500
Pluss 2 200 listerøyster som skal overførast <i>frå</i> valliste A	+	2 200
<u>Listerøyster totalt for valliste B</u>	=	<u>40 700</u>

Døme B, pkt. 5

I bispedømme XX skal det veljast fire leke medlemmer til bispedømmerrådet. Det er to vallister.

Valliste A har fått 10 000 røyster. På desse vallistene står det til saman 2 200 namn som er førte opp frå valliste B.

Valliste B har fått 6 000 røyster. På desse vallistene står det til saman 3 500 namn som er førte opp frå valliste A.

Utrekning av listerøystetal, valliste A:

10 000 røyster × 4 medlemmer av bispedømmerrådet	=	40 000
Minus 2 200 listerøyster som skal overførast <i>til</i> valliste B	-	2 200
Pluss 3 500 listerøyster som skal overførast <i>frå</i> valliste B	+	3 500
<u>Listerøyster totalt for valliste A:</u>	=	<u>41 300</u>

Utrekning av listerøystetal, valliste B:

6 000 røyster × 4 medlemmer av bispedømmerrådet	=	24 000
Minus 3 500 listerøyster som skal overførast <i>til</i> valliste A	-	3 500
Pluss 2 200 listerøyster som skal overførast <i>frå</i> valliste A	+	2 200
<u>Listerøyster totalt for valliste B</u>	=	<u>22 700</u>

- 6 Deretter reknar ein ut dei personlege røystene kvar kandidat har fått, jf. pkt. 4 og bdr § 2-15-3 e.

Talet på personrøyster per kandidat skal førast inn på rapporteringsskjemaet i **rubrikk 5**. Dette gjeld personrøystene på alle kandidatlistene.

Døme pkt. 6

Kandidat Jensen på valliste A med 10 000 røyster har fått 1 200 tilleggsrøyster. Ho var også ført opp på 300 røystesetlar for valliste B. Det personlege røystetalet hennar blir då:

$$10\,000 + 1\,200 + 300 = \underline{11\,500 \text{ personlege røyster}}$$

Kandidat Olsen på valliste B med 6 000 røyster har fått 2 100 tilleggsrøyster. Han var også ført opp på 100 røystesetlar for valliste A. Det personlege røystetalet hans blir då:

$$6\,000 + 2\,100 + 100 = \underline{8\,200 \text{ personlege røyster}}$$

- 7 Deretter fordeler ein mandata mellom listene.

Mandatfordelinga mellom listene går føre seg slik: Listerøystetalet (jf. pkt. 5) skal leggjast til grunn for mandatfordelinga. Den lista som har det høgste listerøystetalet, får det første mandatet. Deretter dividerer ein listerøystetalet for denne lista med 3. Den av listene som då har høgst røystetal/kvotient, får mandat nummer to. Listerøystetala skal så dividerast på 1-3-5-7-9 osv. så lenge det er behov for det, det vil seie til alle mandata er fordelte. Dette gjeld berre valet av dei faste medlemmene av bispedømmerådet. Dersom fleire lister har same kvotient, er det den av listene som har høgst røystetal, som får mandatet. Har listene det same røystetalet, skal det avgjerast ved loddtrekking kva liste mandatet skal tilfalle (bdr § 2-15-3 f).

Mandatfordelinga og kvotienten som danna grunnlaget for å vinne mandatet, skal førast inn på rapporteringsskjemaet i **rubrikk 6**.

Døme pkt. 7

Det skal veljast sju leke medlemmer til bispedømmerådet i XX bispedømme.

Valliste A har listerøystetalet 71 300.

Valliste B har listerøystetalet 40 700.

Mandat nr. 1 går til valliste A.

Deretter dividerer ein listerøystetalet for valliste A med 3:

$$71\,300 : 3 = 23\,766,67$$

Listerøystetalet for valliste B var 40 700.

Mandat nr. 2 går til valliste B.

Deretter dividerer ein listerøystetalet for valliste B med 3:

$$40\,700 : 3 = 13\,566,67$$

Listerøystetalet for valliste A dividert med 3 var 23 766,67.

Mandat nr. 3 går til valliste A.

Deretter dividerer ein listerøystetalet for valliste A med 5:

$$71\,300 : 5 = 14\,260$$

Listerøystetalet for valliste B dividert med 3 var 13 566,67.

Mandat nr. 4 går til valliste A.

Deretter dividerer ein listerøystetalet for valliste A med 7:

$$71\,300 : 7 = 10\,185,71$$

Listerøystetalet for valliste B dividert med 3 var 13 566,67.

Mandat nr. 5 går til valliste B.

Deretter dividerer ein listerøystetalet for valliste B med 5:

$$40\,700 : 5 = 8\,140$$

Listerøystetalet for valliste A dividert med 7 var 10 185,71.

Mandat nr. 6 går til valliste A.

Deretter dividerer ein listerøystetalet for valliste A med 9:

$$71\,300 : 9 = 7\,922,22$$

Røystetalet for valliste B dividert med 5 var 8 140.

Mandat nr. 7 går til valliste B.

Dersom listene hadde enda opp med lik kvotient ein gong, ville valliste A fått mandatet, for denne lista hadde det høgste listerøystetalet.

Valliste A har fått fire representantar

(mandat 1, 3, 4 og 6).

Valliste B har fått tre representantar

(mandat 2, 5 og 7).

Det skal då vere fire vararepresentantar frå valliste A og tre vararepresentantar frå valliste B. Kven som blir vararepresentantar, blir avgjort av talet på personrøyster. Dei som får 5.–8. flest personrøyster på valliste A, og dei som får 4.–6. flest personrøyster på valliste B, blir vararepresentantar, sjå pkt. 9.

8 Når det er avgjort kor mange mandat ei valliste skal ha, fordeler ein representantplassane på kandidatane på lista.

Kandidatane blir kåra i rekkjefølgje etter kor mange personlege røyster dei har fått (jf. pkt. 6). Har fleire kandidatar fått like mange røyster, eller ingen tilleggsrøyster, er rekkjefølgja på lista avgjerande (bdr § 2-15-3 g).

Kva kandidatar som er blitt valde til representantar i bispedømmerådet, skal først inn i rapporteringsskjemaet i **rubrikk 7**.

9 Deretter kårar ein så mange vararepresentantar per liste som kvar liste har fått mandat. Dei skal kårast etter den vidare rekkjefølgja i talet på personlege røyster (bdr §§ 2-15-6 og 2-15-7 b).

Vararepresentantar for kvar liste skal først inn i rapporteringsskjemaet i **rubrikk 8**.

10 Røystesetlar skal pakkast ned og lagrast på forsvarleg måte ut valperioden (bdr § 7-1-4).

Døme pkt. 8 og 9

Valliste A med 10 000 røystesetlar og 71 300 listerøyster fekk fire representantar.

Valliste B med 6 000 røystesetlar og 40 700 listerøyster fekk tre representantar.

På valliste A fekk kandidatane så mange personlege røyster:

1. Oline Jensen	11 500 røyster (2)
2. Karl Storli	10 400 røyster
3. Eva Øversveen	10 200 røyster
4. Tormod Bø	10 000 røyster
5. Katrine Johansen	11 300 røyster (3)
6. Ottar Evensen	10 300 røyster
7. Johanne Gråberg	10 800 røyster (4)
8. Hanne Wilhelmsen	10 400 røyster
9. John Hansen	11 800 røyster (1)
10. Inger Svendsen	10 100 røyster
11. Arne Berntsen	10 600 røyster

Dei fire med flest personlege røyster blir medlemmer i bispedømmerådet, det vil seie:

1. John Hansen	11 800 røyster
2. Oline Jensen	11 500 røyster
3. Katrine Johansen	11 300 røyster
4. Johanne Gråberg	10 800 røyster

Dei fire som blei valde, var i utgangspunktet nr. 9, 1, 5 og 7 på kandidatlista.

Vararepresentantar blir:

1. vara: Arne Berntsen	10 600 røyster
2. vara: Karl Storli	10 400 røyster
3. vara: Hanne Wilhelmsen	10 400 røyster
4. vara: Ottar Evensen	10 300 røyster

Karl Storli og Hanne Wilhelmsen har det same røystetalet. Karl Storli går då føre, for han står på ein høgre plass på kandidatlista. Rekkjefølgja på lista avgjer saka når to kandidatar har fått like mange personlege røyster.

Dersom ein av dei fire representantane som er valde inn frå valliste A, har forfall til eit bispedømmerådsmøte, kallar ein inn 1. vara frå valliste A. Dersom ein representant frå valliste B har forfall, kallar ein inn 1. vara frå valliste B.

Tilsvarande fordeling av representant- og vararepresentantplassar gjennomfører ein så for valliste B.

Materiell omtalt i denne rettleiinga som finst på www.kyrkjevalet.no / www.kirkevalget.no:

- Skjema 2.2.9 Rapporteringsskjema for oppteljing – forholdstalsval (Word-skjema for utfylling)
- Liste 2.2.9 Oppteljing val av bispedømmeråd – forholdstalsval (Excel, ferdig formatert rekneark med døme)
- Liste 2.2.9b Utrekning av listerøyster og mandatfordeling – forholdstalsval (Excel, ferdig formatert rekneark med døme)